

Jobbnorge-ID: 248995
Søknadsfrist: 31.08.2023
Nettside: <https://www.vikorsta.no/>
Omfang: Heiltid
Varighet: Fast

Vi skaper trygge samfunn med lokalproduserte sikkerheitsløsingar

Produktsjef

Vil du bli ein del av vårt sals- og utviklingsteam for lysmaster?

Vik Ørsta er på jakt etter ein sjølvstendig og engasjert medarbeidar med relevant utdanning og teknisk innsikt til ei rolle som produktsjef.

Lysmaster er med på å betre sikkerheita til dei reisande og tryggleiken i område der menneske bur og arbeider. No kan du vere med å påverke, sikre og vidareutvikle produksjon av høgkvalitets trafikkisikringsprodukt som er med på å gjere livet på vegen tryggare.

Om stillinga

Stillinga byr på utfordrande og varierte arbeidsoppgåver innanfor vårt utviklings- og salsarbeid på Norges leiande avdeling for lysmast.

Hovudoppgåver vil vere:

- forvalte og utvikle vår produktportefølje
- gi teknisk støtte til kollega og kunde
- oppdatere og utarbeide produktdokumentasjon, i samsvar med bransjenorm og standardar
- databaseansvarleg
- bidra i salsarbeid

Kven vi ser etter

Vi ser etter deg som:

- har god teknisk innsikt og digital kompetanse
- er strukturert og nøyaktig
- er innovativ og lydhør for signal frå marknaden
- er sjølvgåande og målretta, med evne til å prioritere
- har gode haldningar og lyst til å lære

Det er ein fordel om du har ingeniørutdanning/erfaring.

Dersom du har driv til å vere med på veg framover, integritet til å navigere handlingane dine etter og omtanke for folk, så passar du godt inn hos oss!

Om søknaden

Søknad, CV og relevante vedlegg sendast via lenke på denne sida. Har du spørsmål om utfylling av CV? Kontakt gjerne Jobbnorge på tlf. 75 54 22 20.

Har du spørsmål om stillinga?
Kontakt gjerne avdelingsleiar Andreas Standal, tlf. 901 41 265.

Flytte til Ørsta?

Vil du ha kort veg til jobb, barnehage og SFO? Då er Ørsta staden for deg og familien din. Her finn du vakker natur og gode jobbmoglegheiter. Ørsta ligg sentralt til på Sunnmøre, med tilgang til både kyst- og fjellområde for gode naturopplevingar. Her kan du nyte skiturar om vinteren og båtliv om sommaren.

I tillegg er regionen kjend for sitt sterke næringsliv, med moglegheit for personleg og profesjonell utvikling. Med lokal flyplass er vegen kort til resten av verda.

Ørsta og Sunnmøre er ein flott stad å bu og arbeide, så kvifor ikkje flytte hit og starte eit nytt eventyr med familien din?

Bli kjent med lysmastproduksjonen vår

Vi har produsert lysmaster i Ørsta på Sunnmøre heilt sidan 1957 og har over 60 års erfaring i bransjen. Bli kjent med lysmastproduksjonen vår og sjå glimt frå heile Norge med lysmastene på plass.

Video: <https://youtu.be/ILrd0cTXAqc>

Om Vik Ørsta

Vik Ørsta er leiande industri- og kunnskapsbedrift med produkt innan marknadsområda Lysmast, Rekkverk, Bergsikring, Marina og Design. Bedrifta er lokalisert i Vik i Sogn og i Ørsta på Sunnmøre med ca. 300 tilsette.

Les meir om Vik Ørsta på www.vikorsta.no

Vik Ørsta er det største enkeltsselskapet i Saferoad-konsernet. Saferoad er med på å legge premissane og utvikle framtida sine infrastrukturløysingar for å auke sikkerheita til trafikantane. Konsernet har 2500 medarbeidarar i 13 land.

Les meir om Saferoad på www.saferoad.com

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Andreas Standal, Avdelingsleiar

Telefon: 901 41 265 | E-post: andreas.standal@vikorsta.no

Arbeidsstad:

Strandgata 59 6150 Ørsta (Ørsta Kommune)